

Til dei avslagsgjevande byrokratar Nyhammer, Molvik og Hellesø

Saksnr. 19/2909 – 19/35497 (kommune) og 2019/2909 (fylke)

Avslaget er lest og registrert, men begrunnelsen er ikkje enkel å forstå.

Landbrukskontoret skriv i sitt avslag at naust og båtopptrekk vil også i framtida vera ein viktig ressurs for garden.

Kva ressurs snakkar dei her om?

Landbrukskontoret, også Hr. Nyhammer, veit veldig godt, dersom dei har sett i sine papirer, så vart gardsbruket i eiga drift lagd ned i 1995, og driftsbygning+løe brann ned hausten 2015, der det no er sett oppatt eit reidskapshus.

Dermed blir setninga viktig ressurs, også i framtida, uforståeleg.

Kan einkvan av dei avslagsgjevande byrokratane gje ei god forklaring på kva dei meiner med avslaget, på eit folkeleg språk?

Burde vel ikkje vera nødvendig å leiga ein spesialist for å oversetje begrunninga?

Mvh

Eirik Halvorsen